



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.
3ec9dd56-d05d-40b3-
a5c5-4d4eacd70c27

Vår ref.
26/25 - 112

Dato
18.08.2026

Uttale frå Voss herad til konsesjonssøknad om nye master langs deler av 420 kV-kraftleidninga Refsdal-Modalen

Høyringsuttale 202517365

Voss herad har informert aktuelle lokale lag og organisasjonar om høyringa av konsesjonssøknad frå Statnett SF om nye master langs deler av 420 kV-kraftleidninga Refsdal-Modalen. Voss herad takkar for utsett frist til å koma med høyringsuttale.

Det er få mastepunkt som fell innanfor Voss herad sine grenser, men fjellområdet som vert råka av utbygginga har stor verdi for heradet – uavhengig av kommunale grenser. Stølsheimen er eit kjært turområde for mange innbyggjarar, men fyrst og fremst inneheld det svært verdifull natur. Her held Fjellheimen villreinstamme til, og her er det sårbare naturtypar, som snøleie, og mange raudlista artar. Som konsekvensutgreiinga til Multiconsult peikar på, er det særleg inngrepa i Stølsheimen landskapsvernområde som vil gje den største negative konsekvensen.

[Temaplan for naturmangfald i Voss herad](#) tek for seg korleis arealendringar er den største trugselen for artsmangfaldet i heradet. Vidare vert det slått fast at heradet har eit særskilt ansvar for å ta vare på artar og naturtypar knytt til fjell, fjordlier og fossefall. Me er difor kritiske til naturinngrep i denne storleiksorden, særleg når det råkar sårbare fjellområde med store naturverdiar. Samstundes er naudsynt oppgradering av hovudstraumnettet viktig med omsyn til forsyningstryggleiken.

Voss herad ber om at dei avbøtande tiltaka som konsekvensutgreiinga føreslår, vert fylgde opp. Dette gjeld mellom anna at det, ved plassering av mastene, bør vera med botanikar med ekspertkompetanse på snøleienatur, slik at master og riggområde vert plasserte på dei mest gunstige stadene.

Ein må vidare unngå all anleggsaktivitet i kalvingsperioden for villrein.

Det vil også vera viktig med så sporlaus ferdsel som mogleg i anleggsperioden. Anleggsplassane må etablerast på eit vis som gjer det mogleg å restaurera naturen etter utført arbeid. Sjølve mastepunkta bør også utførast med minimalt avtrykk på naturen. Det vil vera viktig å avgrensa permanente terrengsår.

Me gjer merksam på at dette er ein administrativt utarbeidd uttale som ikkje har vore til politisk handsaming då høyringsbrevet vart sendt 10. juni med frist 14. august. Dei politiske møta tek fyrst til mot slutten av august.

Med venleg helsing

Lina Hamre
Klima- og miljørådgjevar
Tlf: 92429868

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Kopi til
Hans-Erik Ringkjøb
Herman Lange Johnsen